


Til naboar og høyringsinstansar

Stord, 18.08.2020


Varsel om gjenopptaking av planarbeid – privat detaljregulering for del av gnr./bnr. 46/125 m.fl. – næringsområde Haukanes, Austevoll kommune, Planid: 20160002

Det vart meldt oppstart av dette planarbeidet pr. brev datert 19.05.2016. Planarbeidet har etter dette stoppa opp, men vert no sett i gang att. Planavgrensing og føremål med planen er i samsvar med oppstartsmeldinga, med unntak av ei mindre utviding i vest for å få med frisktsoner for kryssområdet.

Planområdet ligg på Haukanes, ved Lambøyosen, om lag 4 km sør for Storebø. Tiltakshavar for planarbeidet er CR Eiendom AS. Referat i frå oppstartsmøtet med kommunen, samt dette følgjebrevet med vedlegg, finn de på ABO sine nettsider: <https://abo-ark.no/aktuelt/#reguleringsplaner> og på kommunen si heimeside www.austevoll.kommune.no under høyringar og kunngjeringar.



Figur 1 Utsnitt planavgrensing



Figur 2 Oversiktskart. Kommune kart.com

Hovudføremålet med planen er å utvikle området til næringsareal. Planavgrensinga er synt i vedlagte kartutsnitt, og i figur 1 ovanfor. Planområdet er om lag 16 daa, og omfattar følgjande eigedomar: gbnr. 46/46, 46/48, 46/122 og 46/125, i tillegg er delar av gbnr. 46/11 og 46/17 innlemma i planområdet. Austevoll kommunestyre gav oppstartsløyve til planen 12.05.2016, sak 065/16.

Føremål

Arealet er i kommunedelplan for Austevoll avsett til framtidig næringsområde, og eit mindre areal opp mot fylkesvegen er sett av til område for LNF-spreidd bustad. Areal i sjø er avsett til kombinert føremål i sjø og vassdrag – marin forskning og utvikling. Området er ikkje regulert i frå før. Føremålet med detaljreguleringsplanen er å utvikle eit næringsområde for sortering og mellombels lagring av avfall/ container, næringsbygg, intern veg med parkering og kai. Det vil og verta sett på mogleg ny tilkomst/ kryssplassering til området.

Plannivå

Reguleringsplanen skal utarbeidast som privat detaljregulering jf. § 12-3 i plan- og bygningslova. Det er vurdert at planen ikkje er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing.

Merknadar

Moglege merknadar og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord

Eller e-post: poststord@abo-ark.no / hageberg@abo-ark.no

Innan høyringsfristen: **11.09.2020**

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknadar og innspel til kommunen - dette vil ABO Plan & Arkitektur Stord AS ivareta i samband med innsending av planframlegg.

Vidare arbeid

Etter at fristen for å koma med innspel til planarbeidet er gått ut, vil ABO utarbeide eit planforslag som inneheld planomtale og ROS-analyse, plankart og føresegner. Ferdig planforslag vil så verta sendt kommunen for vurdering og handsaming. Etter politisk handsaming vert planframlegget sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil også då vera moglegheit for å koma med merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Med vennleg helsing

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Merete Refstie Hageberg

Vedlegg

1. Planavgrensing